



Samling og kamprop før avspark på Laksevåg mot Krabbetor.

Søndag var Rosendal/Trio (R/T) damene til Laksevåg og spelte kamp mot Krabbetor. Dette vart ein fysisk hard kamp, mot eit svært aggressivt Krabbetor lag. Kampen enda dessverre med 3-1 tap for R/T.

Damene virka før kampstart klare for å ta heim 3 poeng i denne kampen. Krabbetor er tradisjonelt eit vanskeleg lag å slå på heimebane, det vart det også i denne kampen. Det vart ein fysisk kamp med stor «F» mot eit svært aggressiv Krabbetor lag, men dette var vel damene klar over før kampen.

R/T fekk utfordringar med å følgja opp mot spelet til Krabbetor. Stillinga til pause var 1-0 til heimelaget. Den største sjansen for R/T i 1. omgang var då Silje Soldal etter ein corner er oppe og headar ballen i tverrleggaren. Stort nærare er det ikkje mogeleg å komma.

Etter pause og ein god gjennomgang startar R/T med ny giv, men etter om lag 8 min. spel i 2. omgang får igjen Krabbetor sett ballen i mål og stillinga er 2-0.

2 min. seinare klarar Ingeborg å komma seg fri og set eit nydeleg skot nede til høgre for Krabbetor sin keeper og reduserer til 2-1. R/T er heilt klart med i kampen igjen og har trua på at dette skal gå bra.

Heimelaget jobbar seg inn i kampen igjen og etter ein corner/innlegg klarar Krabbetor igjen å pirke ballen i mål til 3-1 som vart sluttresultatet.

Trenar Tor Gundersen gjev uttrykk for at R/T har vel spelt betre tidlegare en det som vart prestert i denne kampen, men har stor tru på at damelaget kjem sterkare tilbake allereie neste helg i ny bortekamp, då mot NHH. Kampen går på Åsane og Myrdal kunstgrasbane.

Dagens lag: Erna Mikkelsen – Anita Simensen – Kristine E. Medhaug – Trude Havnerås – Cecilie Håvik – Sunniva Solfjel – Gørill S. Eik – Thea Aronsen – Andrea Albrethson – Aria Haugsdal og Ingeborg S. Ljostveit.
Reserver: Thea S. Taranger – Silje Soldal – Mathea Bondhus og Adele Bauge.

Gule kort: Andrea Albrethson

Tekst: Tor Gundersen / Hans Ordin Østebø
Foto: Tor Gundersen
Nett: Hans Ordin Østebø